



Vi er glad for å lese at hovudmålet for prosjektet er å leggje til rette for alle trafikantar. Dette går jo også fram av ordlyden på første side i høyringsbrevet; «*En utbedret E136 skal være trafiksikker og fremkommelig hele året for alle trafikanter, og dermed bidra til å styrke regional utvikling på Nord-Vestlandet.*»

Vi les vidare i planprogrammet i kap 3.3 der ein skildrar overordna mål for strekninga at (punkt 3.3.2 Fremkommelighet);

• *Bedre fremkommelighet og trygghet ved å tilrettelegge for modulvogntog og større kjøretøy (næringstrafikk) langs hele europaveien, og tilrettelegge for at barn og unge gis mulighet til å være trafikanter i sitt nærmiljø.*

*Aktuelle tiltak:*

- *Fjerne flaskehalsar*

- *Etablere manglende gang- og sykkelveg ved tettsteder*

Vi synes dette må utvidast til også å gjelde ein samanhengande tur- og sykkelveg på strekninga – korleis kan ein elles kalle dette ei plan for alle trafikantar om ein tenkjer å ekskludere dei gåande og syklande? For det er vel ikkje slik at heile strekninga Flatmark-Marstein er definert som «tettstad»? Vi meiner at Romsdalen er ei unik naturperle som fleire må få nytte med alle menneskets sansar i menneskeleg tempo – ikkje berre flyktige blikk frå ein passerande bil i stor hastigheit. I planprogrammet er det mellom anna skildra dei mange ulike historiske vegane i Romsdalen og verdien av desse. Men dei har diverre liten verdi for folk om ein ser for seg å sende dei i stor fart forbi staden. Så kva med å integrere dei gamle vegfara som framleis er intakte på deler av strekninga inn i ein samanhengande tur- og sykkelveg? Kva med å leggje denne tur- og sykkelvegen delvis langs nyvegen og delvis i naturen langs ved? Det er jo også eit reiselivspotensiale i ein samanhengande gang og sykkel-trase som bind saman gang- og sykkeltraseer i Lesja kommune og nedre del av Romsdalen.

Elles meiner vi planprogrammet må ta inn i seg behovet for å leggje til rette for stopplassar på strekninga også for dei som kjem køyrande. Vi har hatt ein dialog med kommunen tidlegare om dette temaet der vi mellom anna har sett på korleis ein kan skilte for dei vegfarande. For Romsdalen spesielt på denne strekninga er jo på nivå med Atlanterhavsvegen og Trollstigen ved at den har ein nasjonal verdi for dei vegfarande. Vi ber om at vegmyndigheitene ikkje gjer same feilen her som ved Atlanterhavsvegen med å tru at ein stoppeplass og eit toalett (på Sørildhusøya) løysar utfordringa for dei vegfarande.



Når det gjeld konsekvensutgreiinga forstår vi at denne skal gjerast i tråd med anerkjent metodikk. Dette høyrer bra ut. Diverre er vår erfaring at ved ein slik planlegging så gløymer ein av vesentlege faktorar som rører ved natur. Våre siste erfaringar ved vegstrekninga Lønset-Hjelset viser nett denne avstanden mellom gode intensjonar i planlegginga og sluttresultatet. Vi legg ved uttale frå Naturvernforbundet til gjennomlesning for å vise nokre element som ein bør vurdere også for dette vegstykket i Romsdalen.

Helsing

**Forum For Natur og Friluftsliv Møre og Romsdal**

*Ingbjørn Bredeli*

Fylkeskoordinator  
FNF Møre og Romsdal

Vedlegg: Uttale frå Naturvernforbundet av 3 juli 2024 - Ny veg E39 – Lønset – Hjelset – innspel undervegs og vidare oppfølging

Kopi: Møre og Romsdal fylkeskommune, Statsforvaltaren, Syklistforeningen